

## **Styremøte Sunnfjord kulturråd**

tysdag 25. juni kl 18.00 – 19.30 i Sakralrommet, 2. etasje, Førdehuset

Til stade: Svein Inge, Daniel, Marianne, Kirsten, Ole Johnny

### **Saker:**

#### **1. Nytt styre – presentasjon**

#### **2. Konstituering av styre**

Blir utsett til styremøte i august. Skal oppdaterast til Brønnøysund og sparebanken Sogn og Fjordane. Følgjande skal velgast:

Leiar

Nestleiar

Kasserer

#### **3. Møteplan for 2024 – 2025**

Første møte tysdag 27. august kl 18.00 i Sakralrommet

Vi legg opp til 7-8 styremøte per år og undergrupper/komitéar ved spesielle saker.

#### **4. Sommarkulturskulen.**

Tilbod til interesserte ungdomar innan kunst, dans, musikk, foto, film, teater og andre kunstgreinar.

Det bør søkast om prosjektmidlar frå Kulturmidlane til Sunnfjord kommune til eit prøveprosjekt for sommaren 2025. Fristen er 1. september.

Daniel fortalte om Kunstnarkollektivet – KFUM-KFUK som er eit kontinuerleg prosjekt.

#### **5. Samlingar for medlemmar i løp av 2024 – 2025**

Laurdag 28. september Bergen Frivilligkonferansen Vestland – Samskaping for inkluderande fritid. Sunnfjord kulturråd prøver å finne 2 styremedlem/vara som kan delta og rapportere.

Vi vidaresender invitasjonen frå Vestland fylkeskommune.

Landslova jubileum i Ålhus 27 – 29. september, Marknad, musikk, foredrag.

Sunnfjord kommune startar arbeid mot Frivilligpolitisk plattform. Der blir Frivillighet Norge invitert til å halda workshop ein gong i september 2024.

#### **6. Innmelding i Vestland kulturråd**

Styret har fått fullmakt til å melde inn Sunnfjord kulturråd i Vestland kulturråd. Kontingent kr 0,-

Vedtak: Styret vedtok einstemmig å melde Sunnfjord kulturråd inn i Vestland kulturråd.

#### **7. Oppfølging av medlemsliste**

Johan, Leon og Svein Inge vasker listene.

#### **8. Detaljregulering Førdehuset**

Styret gjekk igjennom høyringsdokumenta. Det er fint at strategiplanen er tatt høgde for.

Viktig at parkanlegget blir ivaretatt. Burde paradegata ha vore ein del av denne planen? Har det vore vurdert med utebasseng?

#### **9. Andre saker**

Sunnfjord kulturråd bør vere representert ved store kulturelle event i Sunnfjord kommune sin regi slik som nyopning av Astruptunet. Det bør vere ein fast ordning med invitasjon til kultur og oppvekstutvalmøte.

Førde 25.06.24 Johan Bengtsson